

101956

Nordlandsposten, 8008 Ballo

9.9.92

Hamsun svek ikkje

Etter at kongen var i barn-
domsheimen til Knut Hamsun
på Hamarøy, skriv Gudmund
Andreassen i Nordlandspos-
ten: «Kongen gav en uforbe-
holden hyllest til dikteren, en
av de største i verdenslittera-
turen. Men Hamsun var også
landssviker. «Ja, var han det?
Det nemnde ikkje kongen eit
ord om. Kven kan avgjere kva
som er svik? Og grunnlaget? Ei
handling (gjerning)? Eller ei
sjølvstendig meining som ikkje
stemmer med fleirtalet? Og
korleis vart meiningar skapt?
Maktpolitikarane skapar mei-
ningar fordi dei har maktmid-
lar. Og nokre trur at i krig er
alle ting tillate. Den gode «hen-
sikt» heilag gjer midlane. Også
Lygn.

Hamsun tok seg den rett og
fridom til å dømme sjølvstendig.
Nei, det var ikkje svik. Han var
seg sjølv, som i si diktning. Lat
meg få nemne nokre ord frå
boka «Dømmer ikkje» av G. H.
Langeland. Han var mil.org.sjef
i Oslo i okkupasjonstida. Der
skriv han m.a. dette om lands-
svikoppgjeret: «Hvis oppgjeret
skal virke rettferdig er det nød-
vendig at det gjeres opp med
dem som sviktet og med dem
som svek. Det var mange som
svek uten å være medlem av
Nasjonal Samling (NS), og det
var mange av NS som ikke var
landsforrædere. Ulykken kom
fordi regjeringen sviktet. De
mange svikere fikk vi fordi

ulykken var kommet over oss».
Sitat slutt.

Kva var det Langeland sikta
til? Jau, regjeringa hadde svik-
ta vår nøytralitetspolitikk. Det
var offisielt vedteke at vi skulle
halde oss nøytrale i stormakts-
konflikten. Eit politisk oppgjer
grunna rå makt. Var ikkje det
eit misbruk av ordet rett, ved å
kalle det rettsoppgjær? Nei, sli-
ke som Knut Hamsun var ikkje
landssvikarar. Difor er det trist
å sjå at G. A. i NP ikke har fått
augo opp ennå, snart 50 år et-
ter.

Sigurd Lyngstad.

9/9-92